



Valregelement

for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Sist revidert dd.mm.åå

1 § 1 Val til Studentparlamentet

2 § 1-1 Valmåte og samansetjing av Studentparlamentet

3 Studentparlamentsvalet føregår kvart år ved studiestart. Valet skal føregå anonymt
4 og elektronisk. Representantane vert valde for eitt studieår. Arbeidsutvalet (AU) i
5 parlamentet er ansvarleg for gjennomføringa av valet.

6 Samansetjinga av Studentparlamentet vert regulert av vedtektene til
7 Studentparlamentet, § 5-1. Det skal veljast 11 faste representantar og 11 varaer. Desse
8 fordeler seg slik: kvar av dei fire avdelingane ved Høgskulen røystar fram to
9 representantar. Dei tre som ut i frå stemmeoppslutning får flest stemmer totalt etter
10 desse 8, får tildelt plass som fri representant. Når dei 11 faste representantane er på
11 plass, vert varaplassane fylt opp på tilsvarande måte.

12 § 1-2 Røysterett og valbarheit

13 a) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda har røysterett ved
14 studentparlamentsvalet.

15 b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

16

17 § 1-3 Røystelikskap

18 Ved røystelikskap vert det avhalde omval mellom dei berørte kandidatane, der AU er
19 valkrins. AU har då høve til å ha samtalar med kandidatane.

20 § 1-4 Fristar

21 a) Valet skal gjennomførast innan utgangen av september kvart år.

22 b) Valtidspunkt skal annonserast minst ei veke før valet vert gjennomført.

23 c) Kandidatar kan melde seg fram til dagen før avstemminga byrjar.

24 § 1-5 Suppleringsval til Studentparlamentet

25 Suppleringsval vert gjennomført etter behov. Studentparlamentet er valkrins.
26 Vararepresentantar rykkjer då opp, og det blir supplert frå botnen. AU annonserer
27 suppleringsvalet, finn kandidatar og kan innstille på nye (vara)representantar for
28 Studentparlamentet.

29

30 **§ 2 Val til AU – Arbeidsutvalet i Studentparlamentet**

31 **§ 2-1 Valmåte og samansetjing av AU**

32 Studentparlamentet vel nytt AU kvart år i april. Representantane vert valde for eit år.

33 Valet vert gjennomført som urneval, og alminneleg fleirtal gjeld. Akklamasjon vert
34 ikkje godkjent. Studentparlamentet set ned eit teljekorps før avstemminga.

35 Kandidatane kan halde valtale, og det skal opnast for spørsmål frå salen til
36 kandidatane.

37 Samansetjinga av AU blir regulert av vedtektene til Studentparlamentet, § 6-1. Begge
38 kjønn skal vere representert i AU. Når AU er valt, vel Studentparlamentet ein
39 nestleiar mellom dei innvalde AU-medlemmane. AU tiltrer ved møteslutt.

40 **§ 2-2 Valkrins og valbarleik**

41 a) Studentparlamentet er valkrins.

42 b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

43 **§ 2-3 Røystelikskap**

44 Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom dei berørte kandidatane.

45 Studentparlamentet er valkrins. Resulterer også dette i røystelikskap, får AU og alle
46 andre studentar som er til stades i møtet røysterett, forutan
47 organisasjonskonsulenten og ordstyrar.

48 **§ 2-4 Fristar for gjennomføring av valet**

49 a) Alle verv i AU vert valt på det siste møtet i vårsemesteret.

50 b) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.

51 **§ 2-5 Suppleringsval til AU**

52 Suppleringsval vert gjennomført etter behov, og skal gjennomførast på første
53 studentparlamentsmøte etter at eit medlem i AU har meldt avgang. Blir ein student
54 valt inn i AU same semester som det skal haldast ordinært val, treng ikkje vervet å
55 lysast ut på nytt før året etter. Eit einstemmig AU avgjer dette.

56

57

58 **§ 3 Val av tillitsvalde ved studieprogramma**

59 **§ 3-1 Valmåte**

60 Kwart heiltids studieprogram (årseiningar, bachelor- og mastergrad), vel ein tillitsvald
61 og ein varatillitsvald for klassen/kullet. Valet kan gjennomførast ope, men skal
62 gjennomførast som urneval om nokon i valkrinsen bed om det. Dei tillitsvalde vert
63 valde for eit studieår.

64

65 **§ 3-2 Røysterett og valbarheit**

- 66 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
- 67 b) Alle studentar i valkrinsen kan stille til val.

68 **§ 3-3 Fristar**

- 69 a) Valet skal gjennomførast i løpet av dei tre første vekene i haustsemesteret.
- 70 b) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.
- 71 c) Valresultatet skal meldast til Studentparlamentet så snart som mogleg etter at
72 valet er gjennomført. Studieleiar eller programansvarleg er ansvarleg for dette.

73

74 **§ 4 Val av studentrepresentantar til råd og utval ved** 75 **Høgskulen i Volda**

76 **§ 4-1 Valmåte og samansetjing**

77 Universitets- og høgskulelova § 4-4 slår fast at studentar ved universitet og høgskular
78 skal utgjere minst 20 % av medlemene i alle kollegiale organ gitt avgjerslemynde ved
79 institusjonen. Studentparlamentet er ansvarleg for gjennomføringa av val av
80 representantar og varaer til desse utvala. Alle registrerte studentar ved Høgskulen
81 kan stille til val. Studentparlamentet er valkrins der ikkje anna er oppgjeve, jf. § 4-2 i
82 valreglementet. Representantane vert valde for eit studieår, og sit til det er gjennoført
83 nytt val. Bestemmelsar knytt til verv som fylgjer verva i AU er spesifisert i § 4-3.

84 Valet vert som hovudregel gjennomført ved urneval (skriftleg, hemmeleg val). Valet
85 kan godkjennast ved akklamasjon eller ordinær stemmegjeving, men må vere
86 hemmeleg dersom ein stemmeberettiga bed om det. Studentparlamentet skal

87 etterstrebe kjønnsbalanse i utvala, og sørgje for at vala oppfyller eventuelle
88 spesifikke krav til samansetjing i det enkelte utvalet.

89 **§ 4-2 Studentparlamentet som valkrins**

90 Studentparlamentet er valkrins for fylgjande utval: Utdanningsutvalet, Internasjonalt
91 utval, Læringsmiljøutvalet (LMU), Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og
92 forskingsstillingar (TUFO), Klagenemnda, Valstyret, Skikkanemnda og
93 Forskingsutvalet. I tillegg er Studentparlamentet valkrins for studentrepresentantar til
94 styret i Studentsamskipnaden i Volda.

95 **§ 4-3 Representasjon i råd og utval basert på verv i AU**

96 Kvart av verva i AU er kopla til ein fast plass i ulike utval ved Høgskulen. Dette er
97 regulert av stillingsomtalanene til AU, som parlamentet har høve til å revidere kvart år.
98 Avtroppande AU-medlemmar sit i sine respektive utval ut semesteret. Nyvalde AU-
99 medlemmar kan møte som observatørar til dei formelt tiltrer i utvalet ved starten på
100 haustsemesteret.

101 **§ 4-3 Røysterett og valbarleik**

- 102 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
- 103 b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

104 **§ 4-4 Fristar for gjennomføring av valet**

- 105 a) Val til råd og utval ved Høgskulen der Studentparlamentet er valkrins skal
106 gjerast på det første parlamentsmøtet i haustsemesteret kvart år.
- 107 b) Valet av studentrepresentantar til Studentsamskipnaden i Volda blir
108 gjennomført ila vårsemesteret.
- 109 c) Val skal annonserast minst ei veke før vala vert gjennomført.

110 **§ 4-5 Suppleringsval til råd og utval**

111 Suppleringsval skal gjennomførast ved behov, på første parlamentsmøte etter at ein
112 student har meldt avgang frå sitt verv. Her gjeld same prinsipp som for
113 studentparlamentsvalet, ved at vararepresentantar rykkjer opp, og varalista blir
114 supplert nedanfrå.

115
116
117

118 **§ 5 Val av studentrepresentantar til SiVolda**

119 **§ 5-1 Valmåte og samansetjing**

120 Forskrift om studentsamskipnadar § 3 slår fast at styremedlemmar til samskipnaden
121 veljast gjennom sitt studentorgan. Det er studentane som avgjer
122 studentrepresentasjonen i styret, og kor vidt det skal vere i fleirtal. Eit
123 samskipnadsstyre kan ikkje vere mindre enn 5 eller meir enn 9 samla sett, jf. §2 i
124 forskrift om studentsamskipnadar. Studentparlamentet er ansvarleg for
125 gjennomføringa av val av representantar og vara til desse utvala. Alle registrerte
126 studentar ved Høgskulen kan stille til val. Representantane vert valde for eit studieår,
127 og sit til det er gjennomført nytt val. Fristane for utlysing og gjennomføring av valet er
128 bestemt etter § 4-4 b) og c) i valreglementet.

129 **§ 5-2 Røysterett og valbarleik**

- 130 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
131 b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

132

133 **§ 5-3 Suppleringsval til råd og utval**

134 Suppleringsval skal gjennomførast ved behov. Suppleringsval skjer på første
135 parlamentsmøte etter at ein student har meldt avgang frå sitt verv eller ikkje lenger er
136 registrert student ved Høgskulen i Volda, jf. § 6 i forskrift om studentsamskipnadar.
137 Her gjeld same prinsipp som for studentparlamentsvalet, ved at vararepresentantar
138 rykkjer opp, og varalista blir supplert nedanfrå.